 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Eigenevaluering - krav i opplæringslova og forskrift til opplæringslova</b>			
	Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Fylkesdirektør Opplæring	Gjeld frå:	Tal sider:
	Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: Des -15	Revidert dato:	Arkivsak:

## 1. Føremål

Føremålet med eigenevalueringa er:

1. å sikre at Hordaland fylkeskommune som skuleeigar har eit system for å følgje opp krav i opplæringslova og forskrift til opplæringslova, samt Læreplanverket.
2. å sikre at skulane har rutinar/innarbeidd praksis og dokumentasjon for planlegging og gjennomføring, samt rutinar for å rapportere og for å handtere og korrigere avvik frå lovkrav.
3. å leggje til rette for kvalitetssikring /- utvikling gjennom eigenevaluering og refleksjon over korleis lovkrav vert omsett til praksis med sikte på hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring.

## 2. Omfang

Skuleeigar har plikt til å ha eit forsvarleg system som skal bidra til å oppfylle krav jf. «*Opplæringslova § 13-10. Ansvarsomfang*

*Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.»*


Eigenevalueringa gjeld skuleeigar og alle dei vidaregåande skulane. Det er eit leiaransvar å sjå til at skulen har system for intern kontroll og melderutinar som vert gjort kjent for lærarar og elevar.

## 3. Definisjonar

Skuleeigar har utarbeidd eit digitalt skjema for eigenevaluering i høve krav i Opplæringslova og Forskrift til Opplæringslova. Denne eigenevalueringa omfattar sentrale område for elevane sine lovfesta rettar. Eigenevalueringa er meint å fungere som eit **verktøy** i samband med vurdering og oppfølging av krav om forsvarleg system etter Opplæringslova § 13-10.

Skuleeigar vil der det er føremålstenleg samordne spørsmål i eigenevalueringa med spørsmål i RefLex, Udir.no. <https://reflex.udir.no/Sikkerhet/UkjentBruker?ReturnUrl=%2f>

Eigenevalueringa og system for verksemdbasert vurdering vert sett i samanheng med sikte på eit samla forsvarleg system for oppfølging etter opplæringslova §13-10 og systematisk kvalitetsarbeid gjennom føremålstenlege og effektive arbeidsmåtar.


 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Eigenevaluering - krav i opplæringslova og forskrift til opplæringslova</b>			
	Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Fylkesdirektør Opplæring	Gjeld frå:	Tal sider:
	Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: Des -15	Revidert dato:	Arkivsak:

#### 4. Gjennomføring

##### Oppgaver for skuleeigar:

- a) Skuleeigar sender rettleiing og skjema for eigenevaluering til rektor med fastsett tidsfrist for gjennomføring.
- b) Skuleeigar kan etter nærmare vurdering av risiko/resultat av eigenevalueringa gjennomføre tilsyn innan avgrensa område. Skuleeigar avgjer kva skular / grupper av skular som skal omfattast av tilsyn.
- c) Skuleeigar kan gjennomføre temabaserte undersøkingar , t.d. knytt til tilsyn med skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.

##### d) Tidslinje som døme:




##### Oppgaver for skuleleiinga v/ rektor:

- e) Skuleleiinga v/ rektor gjennomfører eigenevaluering der samla rapport vert sendt skuleeigar innan fastsett frist. Samla gjennomgang med eigenevaluering i høve lovkrav etter § 13-10 vert gjennomført kvart tredje år, første gong i løpet av hausten 2016.
- f) Når skuleleiinga oppdagar avvik frå krav i lov og/eller forskrift, sender rektor eiga melding til skuleeigar om tilhøva og kva som er gjort å for å korrigere praksis.

#### 5. Oppfølging

Opplæringsavdelinga gir tilbakemelding på eigenevalueringa gjennom

- a) Tilbakemelding til den enkelte skule v/ rektor ved behov, som del av oppfølgingsamtale.
- b) Oppfølgingsmøte ved behov.
- c) Tiltak for å korrigere avvik ved behov.

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Eigenevaluering - krav i opplæringslova og forskrift til opplæringslova</b>		
	Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Fylkesdirektør Opplæring	Gjeld frå:
Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: Des -15	Revidert dato:	Arkivsak:

## 6. Ansvar

Fylkesdirektør Opplæring

Vedlegg:

Digitalt skjema for eigenevaluering - krav i opplæringslova og forskrift til opplæringslova (skjemaet vert evaluert og justert i samband med endringar i opplæringslov/forskrift og erfaringar med bruken av verktøyet)